



Bestemor Kjellaug Myklebust sender avgarde 2 ½ år gamle Amund Hella Berge-Soldal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Cathrine Haugland var raskast av kvinnene på 5-kilometeren under karusellrenn nummer 3 som vart avvikla i Omvikdalen søndag under framifrå ver- og føretilhøve.

I likheit med rennet på Baroniet sitt område tidlegare i vinter vart rennet ein fulltreffar og eit nytt prov på at snøvinteren er verkeleg positiv for skisporten også på våre kantar.



Dei minste fekk alle medalje ved målpasseringa! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var med 72 i barneskirennnet og 75 i karusellrennet, altså tilsaman i underkant av 150! Dette var fyrste gongen sidan 1987 det vart avvikla skirenn sentralt i Omvikdalen og her låg alt godt til rette. Det var laga eit framifrå løypenett på bakkane rundt skulen og Dahlheim og deltakarane karakteriserte løypene som småkuperte og velpreparerte.



Prepareringa hadde skjedd med ein spormaskin som ein av samarbeidspartnarane - IL Ternen – har lånt med tanke på eit eventuelt kjøp, Løypene var naturleg nok ikkje så krevjande som i Fjellhaugen, men det spela liten rolle.



Cathrine Haugland var nøgd med løpet også i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også servicenivået var høgt under arrangementet – i kjellaren på Dahlheim var det servering og varmestove. Sjølve avviklinga gjekk smertefritt før seg slik det plar gjera når arrangøren sit inne med stor rutine.



Johannes Haugland på veg mot mål og andreplass i sin klasse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også denne gongen var Uskedalen solid representert både i barneskirennnet og karusellrennet. 16 av dei 75 som var med i karusellrennet kom frå vår bygd, sjølv om vi sakna nokon av dei "vanlege travarane".



Bjarne Lilleaas held koken – denne gangen gjekk han på 31,30. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Cathrine Haugland, som går i klassa 36-40 år, gjekk denne gongen på 18,06 medan Anna Hellevang frå Omvikdalen på andrelassen i same klasse kom inn på 20,26. Wenche G, Ænes frå Rosendal, som går i klasse 41-45 år, gjekk på 18,08.

I klassen for jenter 10 år og yngre var Veslemøy Haugland frå Uskedalen med. Tre gutar i same klasse var uskedalingane Harald Lekva Myklebust, Jakob Taranger og Martin Hjelmeland Arnesen.

I jenter 12 år vann Maren Bjørnebøle frå Uskedalen foran Hedda Bjørnebøle frå Omvikdalen.

Johannes Haugland vart andremann i gutar 12 år etter Håvard T. Hunstad frå Rosendal.

I jenter 14 år var Kari Bråtun frå Uskedalen også denne gongen einaste deltakar og det var også Ingebjørn Haugland, som går i 15-årsklassa.

I menn 56-60 år var Bjarne Lilleaas åleine denne gongen og Pål Haugland var åleine i 61-65 år. Bjarne gjekk på 31,30 og Pål på 33,36.

I trimklassa for dei under 50 vann Jan Egil Apeland frå Omvikdalen på 18,43. Deretter kom tre uskedelingar: Erlend Bjørnebøle på 21,06, Odd Steinar Arnesen på 22,37 og Kjell Erik Taranger på 23,55.

Av Ola Matti Mathisen



Kø for start i barneskirenet. (Foto: Ola Matti Mathisen)